




LANDSTINGET

2021



INNHOLD

| | |
|---|-----------|
| SAK 1 | |
| KONSTITUERING..... | 3 |
| SAK 2 ÅRSMELDING 2019 OG 2020 | 4 |
| Kommune- og regionreformene | 4 |
| Konskvensar av regionreforma | 5 |
| Språklege konsekvensar av reformene..... | 5 |
| Landstinget 2019..... | 6 |
| Framtida.no..... | 6 |
| Framtidajunior.no | 8 |
| Framtida Junior - papiravis | 8 |
| På sakslista | 10 |
| Nynorsk og digitale lærermiddel..... | 10 |
| Språkbruksplanar..... | 10 |
| Nynorske lærermiddel for framandspråklege | 10 |
| Høyringsfråsegner | 11 |
| Andre verv | 11 |
| Medlemer | 11 |
| Styret..... | 11 |
| Økonomi..... | 12 |
| Revisjon | 12 |
| Administrasjon og redaksjon | 12 |
| SAK 3 REKNESKAP 2019-2020..... | 13 |
| SAK 4 HANDLINGSPROGRAM 2021-2022..... | 26 |
| PRINSIPPROGRAM | 26 |
| ARBEIDSPROGRAM | 26 |
| SAK 5 FRÅSEGNER..... | 28 |
| SAK 6 VAL AV STYRE, VALNEMND OG REVISOR..... | 29 |
| VEDTEKTER FOR LNK..... | 30 |
| LNU GJENNOM 28 ÅR..... | 32 |
| MEDLEMER LNK 31.12.2020 | 33 |

SAK 1 KONSTITUERING

FRAMLEGG TIL SAKLISTE

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2019–2020
3. Rekneskap for 2019–2020
4. Handlingsprogram for 2021–2022
5. Fråsegner
6. Val av styre, valnemnd og revisor

FRAMLEGG TIL MØTEFØRESEGNER

1. Landstinget vert halde for opne dører, dersom ikkje tinget vedtek noko anna.
2. Landstinget fastset endeleg dagsorden for møtet.
3. Landstinget vel to ordstyrarar, to møtereferantar, to utsendingar til å skrive under møteprotokollen og tre utsendingar til å vere røysteteljarar.
4. Ei fullmaktsnemnd på tre utsendingar, vald av styret, skal sjå til at alle utsendingar er valde frå medlemer som har røysterett, og at dei har rette fullmakter.
5. Ei redaksjonsnemnd på tre utsendingar, vald av styret, skal etter oppdrag frå landstinget forme ut og samordne framlegg til vedtak i saker.
6. Taletid vert fastsett av landstinget etter framlegg frå ordstyrarar.
7. Landstinget kan gjere vedtak om at andre enn utsendingar får talerett.
8. Alle framlegg skal leggjast fram skriftleg.
9. Endringar i føresagnene kan berre gjerast med 2/3 fleirtal. Andre vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Dersom det er likt røystetal, er røysta til ordstyrar avgjerande. Berre dei som er til stades i møtesalen når ei sak vert teken opp til røysting, kan vere med i røystinga i den saka.

Sak 2: ÅRSMELDING 2019 - 2020

Meldingsåret 2020 vart noko spesielt, og sterkt prega av omstilling, som følgje av koronapandemien. Frå mars 2019 har alle tilsette stort sett arbeidd frå heimekontor. Ironisk nok skjedde dette samstundes med at LNK mista gratis kontorplassar hos ABC Startsida i Oslo, etter at dei flytta til mindre lokale, og Framtida-redaksjonen vart flytta til nye kontor på Youngstorget i Oslo – som så langt mest ikkje har vore i bruk.

Dei fleste møta har vore digitale det siste året. Slike møteplassar sparar nok tid og reisekostnader, men Zoom, Teams og andre tilsvarande plattformer er nok likevel ikkje alltid like kontaktskapande og strategisk effektive som fysiske møte.

LNK arrangerte årsmøte og landsting i Førde i 2019. I 2021 vert Stord vertskommune for landstinget, medan Nye Øygarden kommune har fått tildelt arrangementet i 2023. Organisasjonen planlegg i skrivande stund Landstinget på Stord som ei fysisk tilskiping, men vil sjølvsgått tilpassa denne til gjeldande smittereglar i juni 2021.

Koronapandemien har også dempa satsinga på fysiske arrangement for Framtida og Framtida Junior. I samband med 10-årsjubileumet for LNK sine nettilbod i 2020 var det planlagt fleire fysiske arrangement, men slik blei det ikkje.

Det vart arrangert eit fysisk styremøte i Trondheim i mars 2020; alle møte etter dette har vore digitale. Etter nedstenginga vart det sett i gang tilrettelegging av digitale «På saklista»-kurs, og seinare har alle LNK-kursa vore arrangert på Teams.

LNK, ved styreleiar/andre i styret/dagleg leiar, gjennomfører til vanleg opp til 30 medlemsbesøk kvart år. Grunna koronasituasjonen vart alle fysiske medlemsbesøk avlyste i 2020. Denne direkte kontakten med medlemene er sterkt sakna.

Kommune- og regionreformene

Kommune- og regionreformene ville i praksis ville kunna få store konsekvensar for mange

av dei oppgåvane LNK arbeider med. Styret valde difor å sjå arbeidet med reformene som ein integrert del av den generelle drifta – ikkje som eit sjølvstendig prosjekt. Føringane i tilsegnsbreva frå KMD for 2015, 2016 og 2017 var at LNK skulle informera kommunane om moglege språklege konsekvensar av kommune- og regionreformene, og tilby rådgjeving. Før 2015 og frå og med med driftsåret 2018 var heile driftstilskotet til LNK løyvd frå kulturbudsjettet.

Styret i LNK har arbeidd med språklege konsekvensar av kommune- og regionreformene sidan våren 2014, og har følgt reformprosessen tett. Reformene har mellom anna vore oppe som sak på alle styremøta i 2019 og 2020. Styret bad i 2015 administrasjonen utarbeida eit oppdatert dokument som skulle analysera kva konsekvensar reformene ville/kunne få. Dette dokumentet vart oppdatert kvar månad i prosjektåra, og ligg tilgjengeleg på LNK.no. Arbeidet vart formelt avslutta i desember 2020 og sluttrapporten vart då sendt til Språkrådet og til KMD.

Arbeidet med kommune- og regionreformene har i hovudsak vore konsentrert om dei ulike alternativa i språkdelte område, ut frå ei vurdering av at samanslåingar her ville kunne svekka nynorsken og LNK som organisasjon. Samanslåingsalternativ i reine nynorskomsråde har også vore registrerte og følgde med på, men i desse kommunane har LNK berre vore på banen når dei aktuelle kommunane har spurt om råd.

Alle kommunar som har vore med i samanslåingsprosessar gjorde nye språkvedtak hausten 2019. Språkrådet har samla desse og laga ei oppdatert forskrift om språket i norske kommunar, publisert på Lovdata og gjeldande frå 1. januar 2020.

LNK, ved styreleiar/andre i styret/dagleg leiar, gjennomfører til vanleg opp til 30 medlemsbesøk kvart år. Kommune- og regionreformene, og spørsmål knytt til desse, har vore viktige tema på alle desse møta. Grunna koronasituasjonen vart alle fysiske

medlemsbesøk avlyste i 2020. Oppfølginga mot enkeltkommunar har i meldingsåra skjedd via brev, telefon og e-post. LNK har tatt utgangspunkt i medlemskommunane, der desse har forhandla med, eller inngått intensjonsavtalar med andre kommunar som ikkje har hatt nynorsk som målform. Det er ut frå dette sendt brev til ordførarar og rådmenn i 34 kommunar.

Vidare har LNK oppmoda om at det vert utarbeidd målbruksplanar for dei nye kommunane, med reglar for mål bruk, som sikrar dei nynorske språktradisjonane. LNK har gitt tilbod om rådgjeving til alle som ønsker hjelp i dette arbeidet.

Konsekvensar av regionreforma

Alt i alt er dei språklege konsekvensane av det omfattande reformarbeidet mindre enn ein kunne frykta.

Det regionale politiske nivået er viktig for å halda oppe det norske språksystemet, og for å hindra fragmentering av ansvaret for nynorsk språk. Dei konkrete prosessane og forhandlingane om regionreforma kom i gang seinare enn kommunereforma.

Dersom ein godtek premissen om at «større er betre», vil ein del samanslåingar isolert sett truleg kunna styrkja nynorsk språk. I vest blei Sogn og Fjordane og Hordaland att i «Vestland», etter at Rogaland valde å stå åleine. Det nye fylket Vestland er ein sterk språkregion. Men regionreforma vil samstundes kunna føra til at nynorsk miljøa på Sør- og Austlandet blir meir marginaliserte, og det vil i åra som kjem vera naturleg at LNK trappar opp arbeidet i medlemskommunane i desse regionane. Denne strategien er alt arbeidd inn i Handlingsprogrammet.

Språklege konsekvensar av reformene

Alle nye kommunar, der nynorskkommunar slår seg saman med nynorskkommunar, har gode føresetnader for å styrka det nynorske språket, der det er vilje til det.

For nokre kommunar vil samanslåing lett føra til at nynorsken blir svekka:

Finnøy (nn) og Rennesøy (nø) slo seg saman med Stavanger (bm), og Stavanger vedtok å vera språknøytral. Rogaland mistar ein av tre bokmålskommunar, medan LNK mistar Finnøy som medlem. Nynorskkommunen Forsand slår seg saman med Sandnes, og blir såleis del av

ein språknøytral kommune. LNK mistar Forsand som medlem.

Telemark og Vestfold fylke slo seg saman til eitt fylke, som skal vera språknøytralt, og som har laga føringar på at begge språka skal brukast i regionen. Bø (nn) slår seg saman med Sauherad (nø). Den nye kommunen har meldt seg inn i LNK. Bø har ikkje vore medlem i LNK dei siste åra, og Sauherad har aldri vore medlem i organisasjonen.

Nesset (nn), Midsund (nø) og Gjemnes (nø) slo seg saman med Molde (nø) til ein språknøytral kommune. Ingen av desse kommunane var medlemer i LNK. Haram (nn) vart slått saman med Skodje (nn), Sandøy (nn), Ørskog (nn) og Ålesund (nø). Nye Ålesund kommune har gjort vedtak om å vera nynorskkommune, men vedtok i desember 2020 ein språkplan som opnar for stor språkleg valfridom hjå dei tilsette.

LNK mistar i utgangspunktet her medlemene Haram, Skodje og Ørskog, men Ålesund har meldt seg inn, og er i dag den største einskildkommunen i organisasjonen. Volda og Hornindal slo seg saman til ein nynorskkommune, utan at dette vil få store språklege konsekvensar. Kommunen er medlem i LNK.

Sogn og Fjordane og Hordaland slo seg saman til Vestland fylke og melde seg inn i LNK. Eid og Selje slo seg saman til nynorskkommunen Stad, og melde seg inn i LNK. Selje har aldri tidlegare vore med i LNK. Kinn kommune, Flora og Vågsøy, gjorde nynorskvedtak, men har enno ikkje meldt seg inn i LNK – og er per i dag den einaste kommunen i Vestland som ikkje er med i organisasjonen. Flora var medlem før reforma, medan Vågsøy aldri har vore medlem. Sogndal, Balestrand og Leikanger slo seg saman, gjorde nynorskvedtak og melde seg inn i LNK. Meland, Radøy og Lindås gjekk saman inn i Alver kommune, gjorde vedtak om nynorsk og teikna medlemskap i LNK. Vest for Bergen gjekk nynorskkommunane Fjell, Sund og Øygarden saman i nye Øygarden kommune, gjorde nynorskvedtak og melde seg inn i LNK. Sør for Bergen vart den nye kommunen Bjørnafjorden til, sett saman av Os og Fusa. Den nye kommunen gjorde vedtak om nynorsk og om medlemskap i LNK.



I Hardanger gjekk nynorskkommunane Jondal og Ullensvang saman med språknøytrale Odda i nye Ullensvang kommune, som gjorde vedtak om nynorsk og om å melda seg inn i LNK. Odda var i 2019 ikkje medlem i LNK, men er no på plass som ein del av nye Ullensvang.

Landstinget 2019

LNK arrangerte landsting i Førde 6.-7. juni på Scandic Sunnfjord Hotell. Tinget var òg ei markering av 25-årsjubileet til LNK.

Landstinget hadde 86 deltakarar.

Landstinget hadde fire hovudtema:

- Den digitale framtidsskulen på nynorsk
- Klarspråk i kommunereforma
- Mediemeddinga og framtida for nynorsk i lokale medium
- Med nynorsk på tanken: om korleis stimulera til fleire nynorske kulturproduksjonar gjennom Kulturtanken/DKS.

I tillegg hadde landstinget ein bok kalla nynorsk inspirasjon, der representantar for nyskapande prosjekt i nynorskkommunane fortalte om desse. Denne bolken fekk flest/best tilbakemeldingar.

Tore Renberg og Tønes stod for eit solid og populært kulturprogram etter festmiddagen. Landstinget vart arrangert av LNK i samarbeid med Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I 2021 vert Stord vertskommune og arrangør av landstinget, saman med LNK og Vestland fylke. Organisasjonen «Nynorskfylket Vestland» har lagt eit av medlemsmøta sine til Stord Hotel under landstinget.

Framtida.no

I 2020 var det 10 år sidan LNK og ABC Startside starta den nynorske nyhende- og debattavisa for unge, Framtida.no. Totalt i meldingsperioden 2019-2020 har 1 800 000 brukarar vore innom Framtida.no. Det er rekord, og ein oppgang på 325 000 brukarar frå sist toårsperiode. Tidsbruken er òg aukande.

Kvar månad har 55-115.000 brukarar vore innom nettstaden.

Trafikken frå læringsplattformer som It's learning, Fronter og Google Classroom aukar mest. Det viser at Framtida.no blir


mykje brukt i skulen.

Satsar på kvalitetsjournalistikk

Dei siste to åra har Framtida.no publisert kring 1600 artiklar i året. Det har vore ei medviten satsing dei siste åra å laga meir kvalitetsjournalistikk som krev meir arbeid. Redaksjonen har brukt meir tid på fleire lengre journalistiske prosjekt, og meir tid på laga fleire lengre artiklar, intervju og reportasjar.

Ifølgje Retriever er Framtida.no sitert eller omtalt i andre nyhetsmedium på nett og papir 665 gongar i 2019-2020. Det er ny rekord.

Framtida.no og Framtidajunior.no har seks medarbeidarar i redaksjonen, fire ved Oslokontoret og to ved Stord-kontoret. I tillegg kjem fleire faste skribentar, bokmeldarar og frilansarar.



Prisar og nøgde brukarar

Artikkelen «7 av 10 lokalparti har ikkje krav til mål om klimakutt» var ein av finalistane i kåringa av Journalistprisen til Haugesund Journalistlag for 2019.

I november 2020 fekk Framtida.no-redaksjonen Målprisen til Stord kommune, og redaktør Svein Olav B. Langåker fekk diplom frå Kringkastingsringen. I mai 2019 fekk han òg den første Folk i sentrum-prisen til Stord Næringsråd for å engasjera og informera born og unge i viktige samfunnsspørsmål.

Brukarundersøkinga vår frå 2020 viser at brukarane er svært nøgde. 34 prosent av dei som svara, gav Framtida.no terningkast 6 – og 29 prosent gav terningkast 5.

Klima- og miljøjournalistikk

Med støtte frå Fritt Ord har Framtida.no leia dei store klimajournalistikkprosjekta «Klimajournalistikk for heile landet» og «Klimajournalistikk som set dagsordenen i lokalvalet» i 2019. Framtida.no har samarbeidd med Energi og Klima, ABC Nyheter, Landslaget for lokalavisar (LLA) og dei over 110 medlemsavisene i LLA om prosjekta.

Framtida.no publiserte 211 klimaartiklar i prosjektperioden og laga artikkeleriar om lokal klimarisiko, lokale klimaloysingar og ein artikkelerie om klima og klimatilpassing. Resultata viser at det er store forskjellar i klimamål og klimatiltak frå kommune til kommune.

Framtida.no har òg bidratt med tips, kurs og gravehjelpe til lokalavisene og laga til fire debattar og debattkurs saman med ungdom og fleire opne arrangement.

I 2020 har Framtida Junior og Framtida.no halde fram med eit miljøjournalistikkprosjekt støtta av Vestland fylkeskommune og Bergesenstiftelsen. Redaksjonen har laga til ein artikkelerie om miljø for Framtida Junior og Framtida.no, og i den nasjonale avisveka fekk 12.000 4. og 6.sjetteklassingar i heile landet kvar si Framtida Junior-avis. I tillegg fekk 13 skuleklassar kurs i miljøjournalistikk.



Bokåret 2019

Framtida.no leia eit større samarbeidsprosjekt med Nynorskenteret, Nynorsk kultursentrum, Nasjonalt Garborgsenter, Diktardagane, Rom for ord og Falturiltu for å skapa merksemd og

interesse for den nynorske barne- og ungdomslitteraturen i Bokåret 2019. Prosjektet var støtta av Nasjonalbiblioteket.

Som ein del av prosjektet har ein jury kåra dei ti beste barnebøkene, ungdomsbøkene, bildebøkene og faktabøkene for barn og unge som er skrivne på nynorsk etter år 2000. Barn og unge frå heile Noreg har sendt inn forslag.

Demokratiprosjekt

Gjennom prosjektet «Slutten på demokratiet?» har Framtida.no laga undersøkande journalistikk om korleis demokratiet kan utvidast og utviklast vidare.

Ungdomspolitikarar frå AUF til Unge Pirater er intervjua, i tillegg til ei rekke andre unge kjelder frå ungdomsorganisasjonar og ungdommar utan tilknyting til politikk eller verv. Stortingspresidenten og klimaministeren er òg intervjua.

Framtida.no har undersøkt fleire forsøk på å utvida demokratiet – frå deltakande budsjettering i Noreg til forsøk med borgarforsamlingar og deliberativt demokrati i Frankrike. Redaksjonen laga òg ein serie med artiklar om korleis ny teknologi og sosiale media kan utfordra og utvikla demokratiet.

Debattprosjekt, journalistkurs, bokbad og arrangement

Koronapandemien har Dempa satsinga på arrangement i 2020. I samband med 10-årsjubileumet var det planlagt fleire fysiske arrangement, men slik blei det ikkje.

Likevel har me fått høve til å vera med på å arranger fleire arrangement både før og under pandemitida og hatt debattkurs for skuleklassar i fleire kommunar. Debattmodellen vår har no blitt ein modell som fleire ønskjer å kopiera, og me planlegg fleire debattkurs og debattar i 2021.

Nokre tiltak:

- samarbeid med Falturiltu om å arranger Falturiltuseminaret i 2019 og 2020
- kursa kring 300 ungdommar i bokbad og debatt
- vore medarrangør av Berekraftvekene med fleire arrangement på Stord i 2019 og 2020

- kurs/foredrag om klimajournalistikk på landstinget til Landslaget for lokalaviser, på årskonferansen til Møre og Romsdal Journalistlag og i fleire skuleklassar.
- innleiingar på fleire lærarkonferansar: både i regi av Høgskolen i Innlandet, Mediebedriftene og Foreningen !les.
- samarbeid om tre Pecha Kucha-arrangement på Stord
- samarbeid med Høgskulen på Vestlandet om programmet til Samtidsdagane
- leia samtalar og debattar på Samtidsdagane, Berekraftvekene på Stord, Haugesund folkebibliotek og musikkbransjefestivalen 100 dagar
- kurs i miljøjournalistikk for 13 skuleklassar saman med Framtida Junior, støtta av Vestland fylkeskommune og Bergesenstiftelsen.

Skrivekonkurransar og debattsatsing

Med Magasinett har Framtida.no samarbeidd om seks skrivekonkurransar i 2019- 2020. Totalt kom det inn 1200 bidrag – noko som er ny rekord. Framtida.no har publisert rekordmange 364 debattinnlegg dei siste to åra, og ser at stadig fleire ungdomsorganisasjonar og parti leverer debattinnlegg og pressemeldingar på nynorsk.

Framtidajunior.no i tal 2019-2020

I 2019-2020 har over 205.000 brukarar vore innom Framtidajunior.no. Bruken dobla seg då skulane stengde dørene og skulen blei heildigital, og brukartalet har halde seg høgt etter dette.

Framtidajunior.no har gjennomført åtte skrivekonkurransar dei siste to åra. Totalt har det kome inn kring 1950 tekstar frå barn over heile landet. Det er ny rekord. Dei beste tekstane er publisert på meiningar-sidene til Framtidajunior.no.

I 2019-2020 har me publisert kring 1700 artiklar på Framtidajunior.no og 92 kvissar. Sidan starten 17. oktober 2017 er det publisert 2750 artiklar og 142 kvissar.

Framtida Junior – papiravis

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startsidan driv me papiravisa Framtida Junior. Avisa kjem kvar 14. dag til abonnentar

over heile landet. Målet er at inntektene frå abonnementssal vil gi eit bidrag til meir journalistikk på nynorsk for barn gjennom Framtida Junior. Avisene har allereie bidratt mykje inn i samarbeidet, med både marknadsføring og litt under halvparten av innhaldet til papiravisa.



Talet på abonnentar er stabilt, men likevel eit godt stykke frå å finansiera målet om eit fullt journalistisk årsværk. Så langt går mesteparten av inntektene til trykking, distribusjon og grafisk arbeid.

I 2021 vil me gjerne samarbeida med fleire avisar om å gi ut Framtida Junior på papir, og me vil forsterka abonnementsarbeidet.

Samarbeid med lokalaviser

Framtida.no har framleis samarbeidsavtalar med lokalavisene Bømlo-Nytt, Møre-Nytt, Møre, Porten.no, Ryfylke, Nordhordland, Vigga, Bladet Tysnes, Tysvær Bygdeblad, Vikebladet Vestposten, Vestavind, Bø Blad, Fjuken, Grannar, Hallingdølen, Kvinnheringen, Strandbuen, Suldalsposten, Sunnhordland og Vest-Telemark Blad, i tillegg til Dag og Tid, Magasinett, Norsk Barneblad, LNK.no og Dusken.no. Bruken av stoff frå samarbeidsavisene har gått ned gjennom dei siste åra etter kvart som avisene har lagabetningsmur på sakene sine.

Fleire avisar har valt å leggja ut ein nyhendeboks med stoff frå Framtida på sidene sine, slik at lesarane deira kan få dei siste sakene frå Framtida.no direkte på lokalavisa si nettutgåve.

Gjennom samarbeidsavtaler mellom LNK og stiftingane Magasinett og Pirion har Framtida.no ansvar for å drifta Magasinett – eit nettidsskrift for ungdomsskuleelevar og elevar på vidaregåande, og Pirion – eit nettilbod for tilsette i barnehagar og småskulen.

Økonomi

Ingen andre nynorsktiltak når så mange brukarar for så lite pengar som Framtida.no. Me er svært glade for at fleirtalet på Stortinget sikra ei støtte på 1,2 millionar kroner til Framtida.no og Framtidajunior.no ved behandlinga av revidert budsjett i 2019 – og minst like glade for at støtta heldt fram i 2020 etter å ha kome inn på statsbudsjettet.

I meldingsåra har ABC Startiden støtta Framtida.no direkte og gjennom gratis kontorlokale til sommaren 2020. Stiftingane Pirion og Magasinett har òg støtta Framtida.no.

Norsk Kulturråd har gjeve Framtida.no tidsskriftstøtte. Fritt Ord gav støtte til klimajournalistikkprosjekta og demokratiprosjektet. Sparebanken Vest har støtta Nesten vaksen-prosjektet og Framtidajunior.no.

Framtidajunior.no har fått støtte frå Utdanningsdirektoratet, Magasinett, Bergesenstifelsen og Vestland fylkeskommune. Fleire lokale mållag har òg støtta Framtida Junior.

I meldingsåra har Framtida.no hatt ansvar for den redaksjonelle drifta av LNK.no.

Framtida.no-redaksjonen har òg hatt ansvar for drifta av Pirion.no og Magasinett, og fått inntekter frå sal av artiklar til aviser, debattkurs og leiing av debattar.

Ein stor del av inntektene til Framtida.no og Framtidajunior.no er prosjektstøtte og LNK har i meldingsåra arbeidd for å få på plass ei meir føreseieleg finansiering. Dette arbeidet vil halda fram.

På saklista

Det vart i meldingsåra 2019 og 2020 arrangert 16 På saklista-kurs – ni i 2019 og sju i 2020. Av 2020-kursa vart to gjennomførte på staden og fem over Teams.

Våren 2020 vart ansvaret for utvikling, innsal og gjennomføring av «På-saklista»-kursa overført frå Høgskulen på Vestlandet (HVL) til selskapet Fretland & Fretland AS i Lærdal. Språkkursa skal framleis kvalitetssikrast fagleg av HVL. Kursboka er framleis *På saklista. Språk og saksbehandling på papir og nett* av Jan Olav Fretland. Deltakarar oppfattar «På saklista» som både eit språkkurs, eit saksbehandlingskurs og eit klarspråk-kurs. Tilbakemeldingane deira

er svært gode, og dei legg vekt på nyten av kurset i den kommunale kvardagen. Kursa går over to dagar

Jan Olav Fretland har òg, over same leisten, utvikla kurset «På tavle og skjerm», skreddarsydd for lærarar som ikkje har norskfagleg bakgrunn. Kurset skal ha pilotgjennomføring digitalt i Hemsedal kommune vårhalvåret 2021. Både «På saklista» og «På tavle og skjerm» er gratis for betalande medlemer i LNK og kostar om lag kr 40 000 for ikkje-medlemer.

I 2019 har Mathias Øvsteng, Jostein Fretland, Marit Kleiven og Jostein Mo vore kurshaldarar. I 2020, då koronapandemien hindra oss i å halda «vanlege» kurs, valde me, saman med Fretland & Fretland as å utvikla ein digital versjon. Me hadde eit prøvekurs for Fedje kommune i april–mai 2020, som vart evaluert i ein eigen rapport til styret. Etter dette utvikla Fretland & Fretland eit eige digitalt opplegg på Microsoft Teams, som LNK har køyrt i kommunane Hjelmeland, Midt-Telemark og Voss (to kurs). Sidan det å gjennomføra dei digitale kursa krev ein del spesiell digital kompetanse, særleg knytt til det å oppretta og administrera Teams-kanalane, har me ikkje prioritert å gjennomføra digitale kurs med eksterne kurshaldarar enno. Me håpar at det blir enklare å gjennomføra slik opplæring av nye og eksisterande kurshaldarar i løpet av 2021, når det blir opna for fleire ikkje-essensielle jobbreiser.

Tilbakemeldingane på dei digitale kursa er gode, og tilsvrarar stort sett dei me får i kommunar der me gjennomfører på staden. Me har sett ein del variasjon i kor mottakelege kommunane er for slike digitale kurs, og ser at dersom dei tilsette i ein kommune er særskilt «Teams-leie», er det kanskje lurt å heller venta til me kan besøkja dei fysisk. I lærarkurset legg me opp til fleire samlingar og litt kortare økter, og dette er nok noko betre tilpassa det digitale formatet. Sjølv det digitale kurset er noko meir krevjande å gjennomføra for kurshaldaren, men dette blir jamna ut av at ein slepp å bruka tid og krefter på å reisa. Moglegheit for digitale ressursar, oppgåver og evalueringsskjema er eit framsteg me kan vurdera å ta med oss vidare i ordinære kurs òg.



LNK er dessutan i dialog med nokre av dei større nynorskkommunane om eit meir differensiert digitalt kursopplegg, som krev mindre tid, men som kan distribuerast til fleire deltakarar. Dette blir det arbeidd med parallelt med gjennomføring av På saklista.

Nynorsk og digitale læremiddel

Opplæringslova slår fast at elevar har krav på læremiddel på sitt eige språk. Tidlegare var det relativt lett å kontrollera at staten følgde opp pliktene sine på dette området, men læremiddel er ikkje lenger berre bøker. Digitaliseringa har kome for fullt, også i skulen. Samstundes tek ikkje utviklarar og leverandørar av appar og programvare ansvar for språk i produkta sine. Det kan sjå ut som om nasjonale styremakter heller ikkje vil ta grep på dette området, men heller ønskjer å leggja alt ansvar på enkeltkommunar som skuleeigarar.

Etter at LNK i oktober 2018 første gong oppmoda medlemene om å ta kontakt med departementet om mangelen på digitale læremiddel på nynorsk, har berre ei handfull kommunar gjort politiske vedtak i saka. På landstinget i Førde i 2019 tok Vaksdal kommune saka opp att, og administrasjonen vart bedd om å senda ut oppmodinga på nytt. Det vart gjort, men framleis har berre nokre få kommunar gjort nye vedtak.

Dei kommunane som har gjort vedtak og sendt inn desse, har alle fått unnvikande svar frå Kunnskapsdepartementet/

Utdanningsdirektoratet. LNK har fått signal som peikar i same lei. Direktoratet aksepterer i utgangspunktet ikkje at digitale læremiddel automatisk skal kunna definerast som ordinære læremiddel, og at det såleis ikkje er eit krav at dei skal liggja føre på både nynorsk og bokmål. Vidare argumenterer direktoratet og departementet med at dette er skuleeigars ansvar, noko som sjølv sagt er lite effektivt, upraktisk og byråkratisk. I praksis fører dette til at nynorskelever i dag må bruka mange læremiddel på bokmål eller engelsk.

Det er svært viktig at nynorskkommunane står saman om å kreyja digitale læremiddel både på nynorsk og bokmål. Nokre kommunar har altså

alt gjort vedtak om at dei ikkje vil kjøpa inn programvare som ikkje finst på nynorsk, men i praksis er dette vanskeleg når det ikkje finst tilsvarande relevant programvare på nynorsk, og ofte heller ikkje på bokmål. Sidan krav frå kommunane til enkeltleverandørar i praksis gjer lite inntrykk på store internasjonale konsern, bør kommunane halda fram med å stilla krav til Kunnskapsdepartementet om at digitale læremiddel kjem inn under Opplæringslova, gjennom ei forskrift eller ei lovendring.

Situasjonen i dag er uro og frustrasjon i skule, i kommunane og i nynorskorganisasjonane over ein klassisk situasjon: eit forelda lovverk som ikkje er tilpassa dagens teknologi. Den nye språklova som etter planen skal opp i Stortinget våren 2021 ville ha vore eit godt høve til å rydda i desse problemstillingane, og både LNK og andre språkorganisasjonar har spelt inn framlegg om ymse tiltak.

I desember 2020 gjekk LNK, Noregs Mållag, Nynorskenteret og Nynorsk kultursentrumsaman om eit initiativ for å få norske kommunar til å stilla seg bak eit opprop til Google Norway om nynorskversjonar av programvare til bruk i skulen. Oppslutnaden frå kommuane var god, men eit førebels svar frå Google var lite konkret og forpliktande. Då denne årsmeldinga gjekk i trykken var det enno ikkje klart kva som ville koma ut av tiltaket.

Språkplanar

Mal for kommunal språkplan er teken ut av den siste utgåva av «På saklista»-kursheftet. Ein ny og sterkt oppdatert versjon av LNK-malen er tilgjengeleg på LNK.no. Det er også laga ein eigen mal for språkdelte kommunar som ønskjer å vera reelt språknøytrale. Dosent Jan Olav Frelstad ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) har hatt ansvaret for begge dei nye malane.

Nynorske læremiddel for framandspråklege

Mangelfull opplæring for framandspråklege er eit tema LNK har hatt på dagsordenen dei siste åra. Mange nynorskkommunar nyttar framleis bokmål som opplæringsmål for

framandspråklege. Ved utgangen av 2020 hadde om lag 50 medlemskommunar gått over til nynorskopplæring. Det talet er LNK ikkje nøgd med.

Eit av argumenta for å velja bokmål som opplæringsmål, er at det finst altfor få læremiddel på nynorsk for denne gruppa, og at det som finst, er for dårleg. Dette er ikkje tilfelle lenger! Dei siste åra har tilfanget auka kraftig, ikkje minst takka vera det arbeidet Kompetanse Noreg gjør. LNK er medlem i ei arbeidsgruppe i Kompetanse Noreg og bidreg der til å setja desse spørsmåla på dagsordenen. I meldingsåra har Nils R. Sandal og Arnfinn Vigrestad representert LNK i gruppa.

Slik det er i dag, vert avgjerd om målform for framandspråklege i mange kommunar overlate til rektorane og dei som underviser. Dette meiner LNK er uheldig. Slike saker bør opp på den politiske dagsordenen. Derfor oppmodar LNK kommunepolitikarane om å ta tilbake den politiske styringsretten på dette området. Elles var arbeidet på dette området sterkt prega av at store delar av 2020 var eit unntaksår, der koronaen styrde det meste.

Høyringsfråsegner

LNK har, både direkte og gjennom paraplyorganisasjonen Nynorsk forum, vedteke fleire høyringsfråsegner i 2019 og 2020, mellom anna om: arbeidsrelevans i høgare utdanning, endring i forskrift til opplæringslova, ny nasjonal bibliotekstrategi, den nye språklova, språkmeldinga, melding om barne- og ungdomskultur, ny nasjonal bibliotekstrategi, finansiering av utsette humaniorafag, lov om mediestøtte m. fl.

Andre verv

Ålesund vart kåra til «Årets nynorskkommune» i 2019 medan Voss fekk prisen i 2020. Språkrådet legg dei faglege føringane, medan Kulturdepartementet deler ut prisen. Dagleg leiar i LNK var med i juryen.

LNK er medstiftar i Nynorsk kultursentrum som har hovudkontor i Ørsta, og avdelingar i Ulvik og Vinje. Nestleiar Gunnar Strøm er rådsmedlem, medan Hallvor Lilleslett er vararepresentant.

LNK er medstiftar i Nynorsk avissenter i Førde, saman med Firda Media as og Mediebedriftenes Landsforening (MBL). Redaktør Svein Olav B. Langåker er styremedlem.

LNK driv Magasinett og Piron med utgangspunkt i langsiktige avtalar med dei to stiftingane. Begge avtalane vart reviderte i 2019. Dagleg leiar i LNK er styreleiar i begge stiftingane.

Nasjonalbiblioteket inviterte i 2019 LNK med i prosjektet «E-translasjon», saman med mellom andre Språkrådet. Dagleg leiar er med i styringsgruppa, medan Jan Olav Fretland representerer LNK i arbeidsgruppa.

LNK har vore medlem i organisasjonen Nynorskfylket sidan tiltaket vart skipa i Førde i 2015. Etter regionreforma vart organisasjonen ført vidare som Nynorskfylket Vestland, no med fylkeskommunen Vestland som politisk og administrativ pådrivar. LNK er framleis med i organisasjonen.

Medlemer

Medlemstal var per 31. desember 2019 126, det høgaste medlemstalet i LNK si historie. Av desse medlemene var 104 kommunar, fire fylkeskommunar og 18 regionråd/andre kommunale selskap. Medlemstalet har vore stabilt veksande gjennom fleire år. Grunna samanslåingar som følge av kommune- og regionreformene vart talet på medlemer per 1. januar 2020 redusert til 85 kommunar, tre fylkeskommunar og 18 regionråd/andre IKS. Alle kommunar/fylkeskommunar som var direkte involvert i reformene, måtte meldt seg ut av LNK, før dei nye kommunane så kunne meldt seg inn att.

Styret

På Landstinget 2019 gjekk Odd Ivar Øvregård ut av styret, medan Magnus Mjør kom inn. Etter dette har styret i LNK vore sett saman slik:

Solfrid Borge (leiar)

Gunnar Strøm (nestleiar)

Hallvor Lilleslett

Magnus Mjør

Kari Våge Gjuvsland

Vara:

1) Marit Nerås Krogsæter (1. vara møter fast i styremøta)

2) Nils R. Sandal

3) Jarle Skartun

Økonomi

Samla rekneskap for 2019 syner eit overskot på kr 61 693. Rekneskapen for det første koronaåret 2020 syner eit overskot på kr 308 060. Overskota vil bli brukte til å styrkja eigenkapitalen i organisasjonen.

Av ein omsetnad på 8,3 mill. i 2019 var 2,7 mill. statstilskot frå Kulturdepartementet, 1,7 mill. medlemskontingent, medan 3,9 mill. var eigne inntekter. Statstilskotet til LNK vart auka med 1,2 mill. i 2019, og denne ekstraløyvinga var øyremerkta barne- og ungdomssatsingane Framtida.no og Framtidajunior.no

I 2020 omsette LNK for 8,7 mill. Av dette var 2,8 mill. tilskot frå Kulturdepartementet, 1,7 mill. var kontingentar, medan 4,2 mill. var eigne inntekter – først og fremst prosjektilskot, tilskot frå samarbeidspartnerane Fagforbundet og KLP-forsikring, og annonsesal. Ein samarbeidsavtale med Hotell Bondeheimen har ein verdi på om lag 100 000 (gjeld gratis overnatting for tilsette/styre), men denne summen er ikkje synleggjort i rekneskapen. I korona-året 2020 vart denne avtalen i praksis berre nytt fram til midt i mars.

Revisjon

Vekst revisjon i Oslo er revisor for LNK.

Administrasjon og redaksjon

Dagleg leiar har vore Vidar Høviskeland. Rekneskapsførar/økonomimedarbeidar har vore Ola Relling i 14% stilling. I 2019-2020 har Framtida.no hatt ein redaksjon på fire årsverk. Andrea Rygg Nøttveit, Svein Olav B. Langåker og Bente Kjøllesdal har jobba full tid i heile perioden, alle i fast stilling. I august 2019 byrja Ingvild Eide Leirfall som journalist for Framtida.no og Magasinett. Ho fekk fast jobb i september 2020. I januar og februar 2019 jobba òg Beate Haugtrø og praksisjournalistane Ida Johanne Aadland og Janne Merete Bøyum. Eirik Tangeraas Lygre

og Emilie Hansen har vore sommarvikarar i 2019. Sommaren 2020 var Rahman Chaudhry, Eirik Tangeraas Lygre og Helene Hovden Hareide sommarvikarar. Fleire har frilansa frå fleire stader i Noreg elles i året. Me har òg vore på fleire reportasjeturar, noko som har hjelpt oss med å få journalistikk frå fleire stader i landet. I Framtida Junior har Janne Nerheim jobba i heile perioden. Ho fekk fast jobb i august 2020. Christian Wiik Gjerde jobba ut juli 2020. Då tok først Helene Hovden Hareide over i eit vikariat, før Marte Husabø blei tilsett i 100 prosent stilling.

Redaksjonen har kontor i Oslo og på Stord. I juli 2020 flytta redaksjonen ut frå lokala til ABC Startsiden og inn i eigne lokale Møllergata 16 i Oslo, etter at ABC Startsiden flytta til mindre lokale.

Konsulentar i LNK elles har vore Arnfinn Vigrestad, Tone Skjerdal, Jan Olav Fretland, Jostein Fretland, Jostein Mo, Mathias Øvsteng, Marit Kleiven, Gerhard Stoltz, Trygve Kvandal, Arvid Brurok og Elling Hetland.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein kultur- og interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Alle kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak som gjer bruk av nynorsk språk i skulen og/ eller i administrasjonen, kan verte medlemer i LNK. Organisasjonen er lokalisert i Oslo. I samsvar med § 3-3 i rekneskapslova er det med dette stadfestat at ein føresetnad om framleis drift er lagd til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Arbeidsmiljøet i LNK er godt. Det har ikkje vore sjukdomsfråvær i meldingsåra, og det har heller ikkje vore skadar eller ulukker på arbeidsplassen. Kjønnsbalansen i administrasjonen og i styret er god. LNK driv ikkje med aktivitetar som fører med seg ureining av det ytre miljøet.

Oslo 10.03.2021
Styret i Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Dokumentet er signert digitalt av:

- Strøm, Gunnar Schjelderup (22.07.1955), 13.04.2021
- Borge, Solfrid (10.05.1959), 12.04.2021
- Gjuvsland, Kari Vaage (23.11.1961), 09.04.2021
- Høviskeland, Vidar (16.12.1954), 09.04.2021
- Mjør, Magnus (09.06.1961), 09.04.2021

Sak 3 REKNESKAP 2019-2020

| RESULTATREKNESKAP | | | |
|--|----------|------------------|------------------|
| LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR | | | |
| DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2020 | 2019 |
| Tilskot frå det offentlege | 7 | 2 929 000 | 2 895 000 |
| Tilskot frå andre | | 610 000 | 651 000 |
| Kontingentar | | 1 678 797 | 1 760 581 |
| Annonsar | | 310 000 | 183 000 |
| Abonnement- og laussalsinntekter | | 386 025 | 473 748 |
| Redaksjonelle inntekter | | 12 900 | 228 249 |
| Prosjektstøtte | 6 | 2 849 453 | 3 063 709 |
| Ymse inntekter og periodiseringar | | -802 856 | -804 795 |
| Sum driftsinntekter | 1 | 7 973 320 | 8 450 494 |
| Utforming og trykking av avis | | 195 218 | 347 572 |
| Løns- og honorarkostnader | 2 | 4 653 581 | 4 706 389 |
| Honorar m.m. redaksjonelt | | 13 900 | 41 340 |
| Informasjon | 8 | 470 000 | 450 000 |
| Administrative kostnader | | 383 747 | 287 570 |
| Kurs og tilskipingar | | 0 | 360 702 |
| På saklista | | 329 623 | 301 192 |
| Reisekostnader | | 220 732 | 477 797 |
| Husleige og andre kostnader med lokale | | 219 658 | 111 635 |
| Løyvingar | 9 | 900 000 | 1 145 000 |
| Lysingar | | 41 263 | 34 085 |
| Gåver og premiar | | 0 | 1 430 |
| Drift av framtida.no | | 18 460 | 58 010 |
| Ymse driftskostnader | 3 | 263 636 | 111 854 |
| Sum driftskostnader | | 7 709 817 | 8 434 577 |
| Driftsresultat | | 263 503 | 15 917 |
| FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER | | | |
| Anna renteinntekt | | 44 762 | 52 544 |
| Anna finansinntekt | | 159 | 0 |
| Anna rentekostnad | | 364 | 6 768 |
| Resultat av finanspostar | | 44 557 | 45 776 |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | 308 060 | 61 693 |
| Ordinært resultat | | 308 060 | 61 693 |
| Årsresultat | | 308 060 | 61 693 |
| OVERFØRINGAR | | | |
| Sett av til annan eigenkapital | | 308 060 | 61 693 |
| Sum overføringer | | 308 060 | 61 693 |

BALANSE

LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR

| EIGNELUTAR | Note | 2020 | 2019 |
|--------------------------------------|------|------------------|------------------|
| Andre krav | | 145 303 | 128 800 |
| Sum finansielle anleggsmidlar | | 145 303 | 128 800 |
| Sum anleggsmidlar | | 145 303 | 128 800 |
| OMLAUPSMIDLAR | | | |
| KRAV | | | |
| Krav på kundar | | 1 597 | 179 992 |
| Andre kortsiktige krav | | 82 350 | 63 226 |
| Sum krav | | 83 947 | 243 218 |
| INVESTERINGAR | | | |
| Aksjar | 4 | 21 144 | 21 144 |
| Sum investeringar | | 21 144 | 21 144 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 5 | 4 527 645 | 4 062 908 |
| Sum omlaupsmidlar | | 4 632 736 | 4 327 270 |
| Sum eignelutar | | 4 778 039 | 4 456 070 |

BALANSE

LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR

| EIGENKAPITAL OG GJELD | Note | 2020 | 2019 |
|----------------------------------|------|------------------|------------------|
| OPPTENT EIGENKAPITAL | | | |
| Annan eigenkapital | | 1 589 451 | 1 281 390 |
| Sum opptent eigenkapital | | 1 589 451 | 1 281 390 |
| Sum eigenkapital | | 1 589 451 | 1 281 390 |
| GJELD | | | |
| KORTSIKTIG GJELD | | | |
| Leverandørgjeld | | 101 836 | 220 292 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 390 910 | 398 829 |
| Prosjektmidlar Framtida.no | | 917 108 | 1 271 068 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 1 778 734 | 1 284 492 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 3 188 589 | 3 174 680 |
| Sum gjeld | | 3 188 589 | 3 174 680 |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 4 778 039 | 4 456 070 |

Oslo, 10.03.2021
 Styret i Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Solfrid Borge
 styreleiar

Gunnar Strøm
 nestleiar

Hallvor Lilleslett
 styremedlem

Kari Vaage Gjuvslund
 styremedlem

Magnus Mjør
 styremedlem

Vidar Åge Høviskeland
 dagleg leiar

- Gjuvslund, Kari Vaage (23.11.1961), 13.04.2021
- Borge, Solfrid (10.05.1959), 13.04.2021
- Strøm, Gunnar Schjelderup (22.07.1955), 13.04.2021
- Mjør, Magnus (09.06.1961), 13.04.2021
- Lilleslett, Hallvor (17.01.1960), 12.04.2021
- Høviskeland, Vidar (16.12.1954), 12.04.2021



Notar 31.12.2020

Landssamanslutninga av nynorskommunar

Note 1: Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendingringar

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak. Desse rekneskapsprinsippa er nyttå:

- Tenester vert inntektsførde etter kvart som dei vert leverte.
- Tilskot til drifta vert inntektsførde i den perioden dei høyrer til. Tilskot og kostnader til prosjekt vert tekne med i den perioden dei høyrer til.
- Krav på kundar og andre krav er oppførde til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde krava.
- Forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseførde

Note 2: Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

| Lønskostnadene har følgjande postar: | 2020 | 2019 |
|--------------------------------------|------------------|------------------|
| Løn | 3 557 903 | 3 436 849 |
| Folketrygdavgift | 542 432 | 559 961 |
| Pensjonskostnader | 454 602 | 518 211 |
| Andre lønskostnader | 98 644 | 191 368 |
| Sum lønskostnader | 4 653 581 | 4 706 389 |

Gjennomsnittleg tal tilsette var 7,5, og dei utførde om lag 6,0 årsverk.

| Godtgjersler | Dagleg leiar | Styret |
|--------------------------|-------------------------|---------------|
| Løn | 929 687 | 78 933 |
| Anna godtgjersle | 4 392 | 0 |
| Kollektiv pensjonspremie | 173 450 | 0 |
| | 1 107 529 | 78 933 |

Pensjonsforpliktingane for dei tilsette er dekte ved ei kollektiv pensjonsforsikring som omfattar alle fast tilsette. Forpliktinga er ikkje balanseførd, og den årlege pensjonspremien og eventuelle tilleggsbetalingar til pensjonspremiefondet vert rekna som pensjonskostnad i året.

Note 3: Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v. framhald

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i året er på kr. 61 400 for revisjon og teknisk bistand med årsoppgjer og likningspapir. Beløpet er eksklusiv meirverdiavgift .

Note 4: Investeringar i aksjar

Aksjane er oppførde til kostpris som vert rekna som den verkelege verdien.

Note 5: Bundne midlar

I posten er eit bunde bankinnskot på kr. 220.151 som skal dekkje skattetrekk 31/12.

Note 6: Prosjektstøtte

| | 2020 | 2019 |
|--|-------------------------|-------------------------|
| Fagforbundet | 494 000 | 627 000 |
| KLP Forsikring | 285 000 | 285 000 |
| Nasjonalbiblioteket | - | 500 000 |
| Sparebanken Vest | - | 70 000 |
| Stiftinga Magasinett | 795 000 | - |
| Sigv. Bergesen | 75 000 | - |
| Fritt Ord | 75 000 | 450 000 |
| Kulturdepartementet | - | - |
| Andre, interne overf. og periodiseringar | <u>1 125 453</u> | <u>1 131 709</u> |
| Sum | <u>2 849 453</u> | <u>3 063 709</u> |

Note 7: Tilskot frå det offentlege

Dette er generell driftsstøtte frå Kulturdepartementet (1 585 000 kroner) og driftsstøtte øyremerkt Framtida.no og Framtidajunior.no (1 200 000). Kr 144 000 er tidsskriftsstøtte frå Norsk kulturråd til Framtida.no.

Note 8: Informasjon

| | 2020 | 2019 |
|--|-----------------------|-----------------------|
| Godtgjelser til Framtida.no for utført informasjonsarbeid. | <u>350 000</u> | <u>350 000</u> |
| Sum | <u>350 000</u> | <u>350 000</u> |

Notar 31.12.2020

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Note 9: Løyvingar

| | 2020 | 2019 |
|---|----------------|------------------|
| Driftsstøtte til Framtida.no | 400 000 | 200 000 |
| Støtte til Framtida.no gjennom avtalen med Fagforbundet | - | 150 000 |
| Driftsstøtte til Stiftinga Pirion | 100 000 | 110 000 |
| Driftsstøtte til Stiftinga Magasinett | 100 000 | 100 000 |
| Driftsstøtte til barnesatsinga Framtida Junior | 200 000 | 200 000 |
| Omfram prosjektstøtte til Framtida Junior | 100 000 | - |
| Nynorsk kultursentrum (Bokåret) | - | 160 000 |
| Diktardagar Lom-Skjåk-Vågå (Bokåret) | - | 25 000 |
| Jærmuseet (Bokåret) | - | 20 000 |
| Førde kommune, barnebokfestival (Bokåret) | - | 40 000 |
| Stord kommune, Faturiltu (Bokåret) | - | 40 000 |
| Ekstra støtte til Stiftinga Pirion | - | 100 000 |
| Sum | 900 000 | 1 145 000 |

Notar 31.12.2019

Landssamanslutninga av nynorskommunar

Note 1: Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendringar

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små føretak. Desse rekneskapsprinsippa er nyttas:

- Tenester vert inntektsførde etter kvart som dei vert leverte.
- Tilskot til drifta vert inntektsførde i den perioden dei høyrer til. Tilskot og kostnader til prosjekt vert tekne med i den perioden dei høyrer til.
- Krav på kundar og andre krav er oppførde til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde krava.
- Forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseførde

Note 2: Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v.

| Lønskostnadene har følgjande postar: | 2019 | 2018 |
|--------------------------------------|------------------|------------------|
| Løn | 3 436 849 | 3 255 111 |
| Folketrygdavgift | 559 961 | 520 557 |
| Pensjonskostnader | 518 211 | 417 440 |
| Andre lønskostnader | 191 368 | 85 587 |
| Sum lønskostnader | 4 706 389 | 4 278 695 |

Gjennomsnittleg tal tilsette var 7,5, og dei utførde om lag 6,0 årsverk.

| Godtgjersler | Dagleg leiar | Styret |
|--------------------------|-------------------------|---------------|
| Løn | 886 072 | 84 808 |
| Anna godtgjersle | 4 392 | 0 |
| Kollektiv pensjonspremie | 234 189 | 0 |
| | 1 124 653 | 84 808 |

Pensjonsforpliktingane for dei tilsette er dekte ved ei kollektiv pensjonsforsikring som omfattar alle fast tilsette. Forpliktinga er ikkje balanseførd, og den årlege pensjonspremien og eventuelle tilleggsbetalingar til pensjonspremiefondet vert rekna som pensjonskostnad i året.

Note 3: Tilsette, godtgjersler, lån til tilsette m.v. framhald

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i året er på kr. 53 900 for revisjon og teknisk bistand med årsoppgjer og likningspapir. Beløpet er eksklusiv meirverdiavgift .

Notar 31.12.2019

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Note 4: Investeringar i aksjar

Aksjane er oppførde til kostpris som vert rekna som den verkelege verdien.

Note 5: Bundne midlar

I posten er eit bunde bankinnskot på kr. 220.000.000 som skal dekkje skuldig skattetrekk 31/12.

Note 6: Prosjektstøtte

| | 2019 | 2018 |
|--|------------------|------------------|
| Fagforbundet | 627 000 | 760 000 |
| KLP Forsikring | 285 000 | 285 000 |
| Nasjonalbiblioteket | 500 000 | |
| Sparebanken Vest | 70 000 | 100 000 |
| Stiftinga Magasinett | | 620 000 |
| ABC Startsidan | | 200 000 |
| Fritt Ord | 450 000 | 70 000 |
| Kulturdepartementet | | |
| Andre, interne overf. og periodiseringar | 1 131 709 | 1 767 230 |
| Sum | 3 063 709 | 3 802 230 |

Note 7: Tilskot frå det offentlege

Dette er generell driftsstøtte frå Kulturdepartementet (1 545 000 kroner) og driftsstøtte øyremerkt Framtida.no og Framtidajunior.no (1 200 000). Kr 150 000 er eit tilskot frå Norsk kulturråd.

Note 8: Informasjon

| | 2019 | 2018 |
|--|----------------|----------------|
| Godtgjelste til Framtida.no for utført informasjonsarbeid. | 350 000 | 450 000 |
| Sum | 350 000 | 450 000 |

Notar 31.12.2019

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Note 9: Løyvingar

| | 2019 | 2018 |
|---|------------------|----------------|
| Fast driftsstøtte til Framtida.no | 200 000 | 200 000 |
| Støtte til Framtida.no gjennom avtalen med Fagforbundet | 150 000 | 200 000 |
| Driftsstøtte til Stiftinga Pirion | 110 000 | 70 000 |
| Driftsstøtte til Stiftinga Magasinett | 100 000 | 100 000 |
| Støtte til barnesatsinga Framtida Junior | 200 000 | 250 000 |
| Nynorsk kultursentrum (Bokåret) | 160 000 | |
| Diktardagar Lom-Skjåk-Vågå (Bokåret) | 25 000 | |
| Jærmuseet (Bokåret) | 20 000 | |
| Førde kommune, barnebokfestival (Bokåret) | 40 000 | |
| Stord kommune, Faturiltu (Bokåret) | 40 000 | |
| Ekstra støtte til Stiftinga Pirion | 100 000 | |
| Sum | 1 145 000 | 820 000 |



Partnere:

Statsautorisert revisor Syver Tønnesen

Statsautorisert revisor Per M. Michelsen

Statsautorisert revisor Daniel Rypdal

Medlemmer i Den norske revisorforening

Til landstinget i Landssamanslutninga av Nynorskkommunar

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen for 2020

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Landssamanslutninga av Nynorskkommunar (LNK) som viser eit overskot på kr 308 060. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp. LNK er ikkje rekneskapspliktig etter lova men nyttar reglane så langt råd er.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisionsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskjuta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjærder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Vekst Revisjon AS

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter vises til
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, den 14.april 2021

Vekst Revisjon AS



Syver Tønnesen
Statsautorisert revisor



Til landstinget i Landssamanslutninga av Nynorskkommunar

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen for 2019

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Landssamanslutninga av Nynorskkommunar (LNK) som viser eit overskot på kr 61.693. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp. LNK er ikkje rekneskapspliktig etter lova men nyttar reglane så langt råd er.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultata for rekneskapsåret som var avslutta per denne dato, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisionsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret og dagleg leiari sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiari (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneholder vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisionsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilskikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter vises til
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevne ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, den 4. mai 2020

Vekst Revision AS

Syver Tønnesen
Registrert revisor

SAK 4 HANDLINGSPLAN 2021-2022

NYNORSKKOMMUNANE (LNK) – TIL TENESTE

PRINSIPPROGRAM

LNK skal leggja til rette for at medlemene kan vera aktive og stolte nynorskbrukarar og medvetne i språkspørsmål.

LNK skal arbeida for å sikra nynorsk som eit jamstilt og fullgodt bruksspråk innanfor alle delar av det offentlege. LNK skal ta eit ansvar for språkutviklinga i medlemskommunane, og ta på seg informasjons- og kulturfaglege oppgåver som set nynorsk inn i nye samanhengar.

LNK skal vera ein pådrivar i høve til sentrale styresmakter og andre samarbeidspartar kommunane har, for å få dei til å ta språkjamstillinga på alvor. LNK skal vera ein konstruktiv, positiv og framoverretta samarbeidspart.

LNK skal ta opp saker på vegner av medlemene.

LNK skal vera ein medlemsorganisasjon, men samstundes leggja vekt på fellesskapet gjennom å tilnærma seg medlemene på ein måte som stimulerer til dialog og tovegskommunikasjon.

ARBEIDSPROGRAM

1. Arbeid overfor medlemene våre.

LNK skal:

- styrkja språkopplæringa i kommunar, fylke og stat. LNK skal gjera medlemene gode i nynorsk, slik at dei kan tilby gode tenester til innbyggjarane sine
- arbeida for å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng, mellom anna ved å syna samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling

- arrangera fagsamlingar og fellestilskipingar for medlemene

- tilby kursa «På saklista» og «På brett og tavle» gratis til medlemene så langt økonomien tillet dette, og bruka tid på å presentera kursprogramma under rekrutteringsferder/medlemsbesök

- arbeida for at medlemene trekkjer inn språk som ein naturleg del av omdømmebygginga

- arbeida for å betra kompetansen kring informasjonsarbeid i kommunane

- arbeida for meir medvetne haldninga til språk og kultur i barnehagane

- synleggjera nynorsk som bruksspråk innanfor alle sektorar – men arbeid med å synleggjera nynorsk på nett for barn og unge skal framleis prioriterast

- vidareutvikla samarbeidet med ABC Startsiden omkring Framtida.no, Framtidajunior.no og Startsida.no

- vidareutvikla samarbeidet med relevante programvareprodusentar, og arbeida for at det vert utvikla fleire digitale læremiddel, appar og meir relevant programvare på nynorsk

- sikra at Framtida.no og Framtidajunior.no får ein meir føreseieleg økonomi

- utvikla og driva nettstaden Pirion.no vidare, og arbeida for at stiftinga får ein føreseieleg økonomi

- utvikla og driva nettstaden Magasinett.no vidare, og arbeida for at stiftinga får ein meir føreseieleg økonomi

- arbeida særskilt inn mot «randsone-kommunane» som er medlemer i LNK – altstå område der nynorsk står svakt og er utsett for språkpress frå områda dei grenser til

- arbeida for at kommunane vedtek språkplanar og integrerer desse i kommunale planverk

- arbeide for gode fellesformuleringar og politikk på anbodsfellet, som lettar arbeidet til kommunane med å sikra at dei kjøper inn tenester og varer på nynorsk.
- vidareføra LNK-fordelskortet - på nett
- arbeida for at medlemene gjennom planverka sine tydeleggjer kven som har ansvar for språk i kommunane

2. Arbeid inn mot sentrale styremakter og andre samarbeidspartar

LNK skal:

- arbeida for at kommunane ikkje skal ha meirkostnader av di dei har valt nynorsk som administrasjonsspråk, eller av di dei har språkleg delte parallelklassar/grupper i grunnskulen
- samarbeida vidare med Språkrådet og Nynorsk kultursentrum om kartlegging av haldningar til språk i kommunane
- arbeida for at staten, ut frå demokratiomsyn, fører vidare satsinga på ”klarspråk”
- styrkja samarbeidet med dei kommunale organisasjonane – både på arbeidsgivar- og arbeidstakarsida
- arbeida for å få på plass årvisse kontaktmøte med KS – også på regionnivå
- synleggjera nynorsk marknadsmakt - at LNK representerer meir ein halv million menneske som bur i nynorskkommunane, og at om lag 100 000 nynorskbrukarar er tilsette i offentleg sektor
- arbeida for at fleire statlege etatar vert flytta til nynorskkommunar
- arbeida for å styrkja norskfaget i grunnskule og vidaregåande skule
- arbeida for å få på plass att ei ordning med språkleg godkjenning av lærermiddel
- arbeida for at framandspråklege får fullgode lærermiddel på nynorsk. Det skal vera eit statleg ansvar å syta for at det finst tilgjengeleg læringsmateriell av god kvalitet på nynorsk for framandspråklege
- arbeida for at «nynorskgruppa» i Kompetanse Noreg utviklar seg til også å bli ein fagleg pådrivar for fleire midlar til nynorsk læringsmateriell for framandspråklege.

- arbeida for at arbeidsinnvandrarar frå EØS får same rett til norskopplæring som andre framandspråklege har – finansiert gjennom statlege overføringer

- arbeida for å sikra nynorskbruk også innafor dei nye organisasjons- og selskapsformene som vert tekne i bruk i det offentlege

- gje fråsegner om og fremja medlemene sine synspunkt og interesser i samband med språk- og kultursaker

3. Kontakt med medlemene og informasjonsarbeid

LNK skal:

- utvikla den digitale satsinga i organisasjonen vidare, og følgja opp bruk av teknologiske nyvinningar

- føra vidare drifta av Framtida.no, Framtidajunior.no, ABC Startsida.no, Magasinett.no, Pirion.no og LNK.no innafor dei budsjetttrammene som til ei kvar tid gjeld

- ha aktiv kontakt med media og relevante styremakter for å få fram aktuelle saker

- utvikla samarbeidet med lokalavisene vidare

- setja av minimum to veker kvart år til medlemsbesøk og rekruttering

- stimulera til samarbeid mellom medlemene gjennom å skipa til konferansar, fagsamlingar og kurs

- arbeida vidare med strategisk nettverksbygging som kan synleggjera nynorskkulturen.

4. Økonomi/administrasjon

LNK skal:

- ha ein tilfredsstillande eigenkapital (om lag 20% av omsetnaden)

- føra vidare dei rekrutteringsstrategiane som til ei kvar tid er vedtekne i styret

- vidareføra dei økonomiske samarbeidsavtalane, og vurdera nye økonomiske samarbeidspartnarar

- føra vidare den noverande, desentraliserte organisasjonsstrukturen, men vurdera alternative løysingar dersom praktiske, økonomiske eller strategiske omsyn skulle tilseia dette

SAK 5 FRÅSEGNER

Det har ikkje kome inn framlegg om fråsegner.

SAK 6 VAL AV STYRE, VALNEMND OG REVISOR

Framlegg frå valnemnda i LNK :

Sara Hamre Sekkingstad (ny - på val i 2025)

Gunnar Strøm (ikkje på val - på val i 2023)

Hallvor Lilleslett (attval - på val i 2025)

Kari Vaage Gjuvsland (ikkje på val - på val i 2023)

Magnus Mjør (ikkje på val - på val i 2023)

Varamedlemer 2021 - 2022 (på val kvart årsmøte)

1. Marit Nerås Krogsæter

2. Jarand Felland

3. Kåre Martin Kleppe

Val av leiar for to år:

"Valnemnda gjer framlegg om Sara Hamre Sekkingstad som leiar og Gunnar Strøm som nestleiar"

Etne 22.02.2021

Siri Klokkerstuen (leiar), Hilde Løkensgard Bjørnsvik og Jon Rikard Kleven

Etter vedtekten skal styret gjera framlegg om ny valnemnd og revisor:

Val av valnemnd 2021 – 2022

Samrøystes vedtak:

«Valnemnda har vore Siri Klokkerstuen (leiar), Hilde Løkensgard Bjørnsvik og Jon Rikard Kleven. Styret gjer framlegg om attval av valnemnda for perioden 2021 - 2022»

Val av revisor

Samrøystes vedtak:

«Sidan 2015 har Vekst Revisjonskontor i Oslo vore revisor for LNK. Styret rår til attval på Vekst Revisjon»

VEDTEKTER FOR LNK

§ 1 FØREMÅL

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein interesseorganisasjon for kommunar, fylkeskommunar og interkommunale føretak. Organisasjonen har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

§ 2 MEDLEMER

Alle kommunar og fylkeskommunar som gjer bruk av nynorsk i skulen og/eller administrasjonen, kan vera medlemer av landssamanslutninga. På same vilkår kan interkommunale tiltak som brukar nynorsk vera medlemer.

§ 3 LANDSTINGET

3.1 Landstinget sin status:

Landstinget er organisasjonen sitt høgaste styringsorgan. Tinget held møte annakvart år. Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har vore medlemer i minst to månader før landstinget vert opna, kan møta på tinget med fulle rettar.

3.2 Innkalling til landsting:

Landstinget skal ha møte innan utgangen av juni månad. Innkalling med sakliste skal sendast til medlemene seinast to månader før tinget skal haldast. Endelege sakspapir skal sendast tre veker før tinget finn stad.

Framlegg til saker som medlemene ynskjer skal handsamast på tinget, må sendast skriftleg til styret innan 1. mars.

Styret skal kalla inn til omframt landsting når minst halvparten av medlemene krev det.

3.3 Representasjon på landstinget:

Kommunane har rett til slik representasjon på landstinget:

Inntil 3.000 innbyggjarar: 1 utsending

Inntil 6.000 innbyggjarar: 2 utsendingar

Inntil 9.000 innbyggjarar: 3 utsendingar
Meir enn 9.000 innbyggjarar: 4 utsendingar

Folketalet i kommunen pr. 1. januar i det året landstinget vert halde er grunnlag for talet på utsendingar.

Fylkeskommunane har rett til å møta med fem utsendingar, interkommunale tiltak med ein utsending.

Kvar utsending har ei røyst på landstinget. Medlemer med rett til meir enn ein utsending kan gje ein utsending skriftleg fullmakt til å røysta for å så mange utsendingar ein har rett til å senda.

Styremedlemene møter på landstinget med tale- og framleggsrett, men har ikkje røysterett med mindre dei er valde som utsendingar.

3.4 Vedtak på landstinget:

Vedtak vert gjorde med vanleg fleirtal. Endringar i vedtektena og vedtak om opplysing av organisasjonen krev to tredels fleirtal av dei registrerte røystene (inkl. fullmaktsrøyster) på landstinget.

3.5 Landstinget sine oppgåver:

Landstinget vedtar sjølv endelig dagsorden, og vel møteleiar, referent og to utsendingar til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.

Fram til tinget er konstituert har styreleiaren ansvaret for møtestyringa.

Ordinære landsting skal alltid

- a) Godkjenna årsmeldinga.
- b) Godkjenna revidert årsrekneskap og balanse
- c) Vedta kontingen, rammebudsjett og handlingsprogram for komande to år.
- d) Velja styre, valnemnd og revisor.
- e) Ta stilling til innkomne framlegg.

§ 4 STYRET

4.1 Val av styre:

Styret skal ha fem medlemer og tre varamedlemer. "Begge kjønn skal til ei kvar tid vera representerte både blant dei faste medlemene og varamedlemene i styret. Styremedlemene vert valde for fire år, likevel slik at vekselvis to og tre står på val på kvart landsting. Varamedlemene vert valde for to år.

Ved suppleringsval vert nye medlemer valde for resten av funksjonstida til den som går ut.

Landstinget vel mellom styremedlemene leiar og nestleiar for to år om gongen.

4.2 Styremøte:

Leiaren kallar inn til styremøte når han/ho synest det trengst, når dagleg leiar ber om det, eller når minst to av dei faste styremedlemene krev det.

Styret er vedtaksført når minst tre av medlemene er til stades. Ved likt røystetal gjer møtestyraren si røyst utslaget.

4.3 Styret sine oppgåver:

Styret leier landssamanslutninga i samsvar med vedtekten og vedtak som er gjorde av landstinget.

Styret har i tillegg desse oppgåvene:

- a) Arbeida ut framlegg til rammebudsjett for komande år, og for toårsperioden fram til komande landsting.
- b) Vedta årsbudsjett innafor dei rammer landstinget har vedteke. Styret kan her også gjera nødvendige endringar i desse rammene.
- c) Sjå til at rekneskapen vert ført i samsvar med lov, forskrifter og god rekneskapsskikk, og syta for at han vert revidert.
- d) Kalla inn til landsting, og førebu dei sakene som skal førehavast på tinget.
- e) Alle andre oppgåver som naturleg hører inn under styret.

§ 5 VALNEMND

Etter framlegg frå styret vel landstinget ei valnemnd på tre medlemer.

§ 6 ADMINISTRASJON

Styret tilset dagleg leiar, fastset kontorstad og vedtar løn og andre arbeidsvilkår. Innafor vedteke budsjett og dei rammer landstinget har sett for drifta, kan styret også oppretta andre stillingar i administrasjonen.

§ 7 MEDLEMENE SINE PLIKTER

7.1 Kontingent:

Medlenskommunane skal betala kontingent i høve til innbyggjartalet, med ein grunnkontingent. Fylkeskommunar og interkommunale føretak skal betala ein fast årskontingent, utan omsyn til folketalet. Den del av kontingenget som byggjer på innbyggjartalet, skal ta utgangspunkt i folketalet per 1. januar.

Landstinget fastset kontingenget etter framlegg frå styret. Styret kan justera kontingentsatsane for det andre året.

7.2 Kontaktperson:

Kvart medlem pliktar å peika ut ein av sine tilsette til å vera kontaktperson for LNK.

§ 8 INNMELDING OG UTMELDING

Innmelding i LNK skal skje skriftleg til styret.

Utmelding av LNK må skje skriftleg og får først verknad to fulle kalenderår etter at slik melding er komen til styret.

§ 9 ENDRING AV VEDTEKTENE

Endringar i desse vedtekten krev to tredels fleirtal. Framlegg til endring av vedtekten frå andre enn styret må vera innkomne til styret innan 31. desember i året før landstinget skal haldast.

Vedtekne 18. juni 1993, med endring vedteken 9. juni 1995 og endringar vedtekne 7. juni 2001.

LNK – gjennom 28 år

Landsting

I vedtekten heiter det at LNK skal skipa til landsting annakvart år. Landstinga er sett saman av ein konferansedel og årsmøte, og medlemene søker sjølve om å få arrangera tinget. I år er landstinget lagt til Førde. LNK, Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er arrangørar.

Landstinget 2021 er lagt til Stord.

Skipingsmøte 1993

Landssamanslutninga av nynorskkommunar vart skipa på Bryne i 1993.

Landstinget 1995

Landstinget 1995 vart halde i Ullensvang herad 7. til 9. juni 1995. I alt var det 95 personar til stades. 42 medlemer var representerte.

Landstinget 1997

Landstinget 1997 vart halde i Ål 26. til 28. mai 1997 og samla i alt 89 deltagarar. 49 medlemer var representerte.

Landstinget 1999

Landstinget 1999 vart halde i Førde 1. og 2. juni 1999. 84 deltagarar var til stades, og 44 medlemer var representerte.

Landstinget 2001

Landstinget 2001 vart halde på Bryne 7. og 8. juni 2001. 81 deltagarar var til stades, og 37 medlemer var representerte.

Landstinget 2003

Landstinget 2003 vart halde i Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda 24. og 25. april. 101 deltagarar var til stades, og 41 medlemer var representerte.

Landstinget 2005

Landstinget 2005 vart halde på Rauland i Vinje kommune 27. til 29. april. 146

deltakarar var til stades, og 43 medlemer var representerte.

Landstinget 2007

Landstinget 2007 vart halde i Vågå kommune 27. og 28. august . 150 deltagarar var til stades, og 30 medlemer var representerte.

Landstinget 2009

Landstinget 2009 vart halde i Stryn kommune. 118 deltagarar var til stades, og 34 medlemer var representerte.

Landstinget 2011 vart halde på Sand i Suldal kommune og hadde om lag 130 deltagarar, 36 medlemer var representerte.



Fire leiarar i LNK på landstinget på Voss:
*frå venstre: Jan Magne Dahle, Nils Taklo,
Astrid Myran Aarvik og Solfrid Borge.*

Landstinget 2013 vart halde på Voss.

Årsmøtet hadde 79 deltagarar, og 30 medlemer var representerte.

Landstinget 2015 vart halde på Gol.

Årsmøtet hadde 67 deltagarar, og 29 medlemer var representerte.

Landstinget 2017 vart halde i Ulsteinvik. Årsmøtet hadde 64 deltagarar, 27 medlemer var representerte.

Landstinget 2019 vart halde i Førde.

Årsmøtet hadde 86 deltagarar, 31 medlemer var representerte.

MEDLEMER LNK, 31.12.2020

| | | | |
|-------------------------|--|---|---|
| Møre og Romsdal: | Ryfylke IKS Sauda Aukra Fjord Giske Hareid Herøy Møre og Romsdal fylkeskommune Sande Stranda Sula Sykkylven Søre Sunnmøre IKT Tussa Kraft as Ulstein Vanylven Vestnes Volda Ørsta Ålesund | Stryn Sunnfjord Suldal Time Tysvær Vindafjord Vestland: Alver Askvoll Aurland Austevoll Austrheim Bjørnafjorden BKK Bremanger Bømlo Eidfjord Etne Fedje Fitjar Fjaler Gloppen Gulen Hardangerrådet Hyllestad Høyanger IS Fjordvegen Kvam Kvinnherad Luster Lærdal Masfjorden Modalen Osterøy Samarbeidsrådet for Sunnhordland Samnanger Sogn regionråd Sogndal Solund Stad Stord | Stryn Sunnfjord Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) Sveio Tysnes Ullensvang Ulvik Vaksdal Vestland fylkeskommune Vik Voss Øygarden Årdal Viken: Gol Hemsedal Regionrådet for Hallingdal Ål Innlandet Lom Nord-Fron Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal Skjåk Valdresmusea Vang Vestre Slidre Vågå Agder: Bygland Bykle Konsesjonskraft IKS Setesdal regionråd Sirdal Valle Åseral |
| Telemark: | Fyresdal Kviteseid Midt-Telemark Midt-Telemarkrådet Nissedal Seljord Tokke Vest-Telemarkrådet Vinje | Høyanger IS Fjordvegen Kvam Kvinnherad Luster Lærdal Masfjorden Modalen Osterøy Samarbeidsrådet for Sunnhordland Samnanger Sogn regionråd Sogndal Solund Stad Stord | Lom Nord-Fron Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal Skjåk Valdresmusea Vang Vestre Slidre Vågå |
| Rogaland: | Bjerkreim Bokn Hjelmeland Hå ¹ Jærmuseet Klepp Rogaland fylkeskommune Ryfylkemuseet | Sunnhordland Samnanger Sogn regionråd Sogndal Solund Stad Stord | Bygland Bykle Konsesjonskraft IKS Setesdal regionråd Sirdal Valle Åseral |



NYNORSKKOMMUNANE
LNK

www.LNK.no

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

E-post: post@LNK.no

Tlf.: 90 50 66 17

Postadresse: Pb 7044 St.Olavs plass, 0130 OSLO

Kontoradresse: Pilestredet 8, OSLO

HOTELL BONDEHEIMEN *Sidan 1913*

 **FAGFORBUNDET**

kdp